

SOGN OG FJORDANE TEATER

«Undervegs i teaterstykket var det høg latter og det blei også tørka tårer.»


Firda

«For eit overskot, for eit trykk! Og slik glede og spenst! Og ikkje minst, for ei gesjeftige og natige vaskekjerring!»

Fjordingen

«Gir terningkast seks»

Fjordenes Tidende



PÅ LOKALET

SoFt

Sogn og Fjordane Teater

PÅ LOKALET


Ungdomshuset, grendehuset eller lokalet; det er ikkje så viktig kva du kallar det. Folk er glade i huset sitt, og dei støttar opp om det og tek vare på det. Det er meir enn eit hus.

I «På lokalet» blir du møtt av Idun Losnegård i rolla som dama med nøklane. Du veit, ho som låser opp og igjen dører og syter for at alt går riktig for seg. Ho tek vare på deg og alle og huset og heile framsyninga. Ho moppar og kjeftar og innimellom tek ho seg ein blås. I ein bortgøymt krok finn ho ein hårlokk, og ho blir kasta fem tiår tilbake i minna.


Det er hælane i taket og høgt tempo på dansegolvet. Dansarane går inn og ut av tidsriktige klede og dansetrinn. Vi er innom etterkrigstida med leggevatn og hårrullar. 50-talet med boggie-woogie og store underskjørt. 60-talet med gabardinbukser og heimespøta kofter. 70-talet med slengbukser og rysjeskjorter og avsluttar i 80-talet med pastellfargar og skulderputer.

Du ler og du grin og kanskje grøssar du litt òg. Det er lov. Men latterleggjering blir stoppa i døra. Koreograf og regissør Arne Fagerholt tek på alvor at det under den vasskjemde luggen og inni dei store skulderputene er det levande menneske som har gleda seg i dagevis og brukt timar på å gjere seg klar til den store erobringa.


Sjølv om du såg stykket i første runde, er det ingen grunn til å gå glipp av reisen. Spelestadane er nye og nokre av dansarane er erstatta. Her er både nostalgisk musikk og mange detaljar å fortape seg i. Det er som når du endeleg får legge armene rundt ho fine og svinge ho ømt i dansen. Du vil aldri at det skal ta slutt.



Anne Guri Tvedt



Christer Tornell



Erlend A. Danielsen



Idun Losnegård



Joakim Thrane



Vilde Viktoria Madsen



Åse Marie Eide Rannestad



Regissør Arne Fagerholt

AV
ARNE FAGERHOLT

ETTER IDÉ AV
BODIL KVAMME

KOREOGRAFI/REGI
ARNE FAGERHOLT

KOSTYMEDESIGN/SCENOGRAFI
DORDI STRØM

MASKE/SMINKE
LIVE BRENDMO SØREIDE

MUSIKALSK TILRETTELEGGING
ARNE FAGERHOLT
HARALD DAHLSTRØM

MEDVERKANDE
ANNE GURI TVEIT
CHRISTER TORNELL
ERLEND AUESTAD DANIELSEN
IDUN LOSNEGÅRD
JOAKIM THRANE
VILDE VIKTORIA MADSEN
ÅSE MARIE EIDE RANNESTAD

LYSDESIGN
KRYSTIAN MYSKA

TURNÉ

FØRDE, VIKING
2. mars Kl 19:00

FØRDE, VIKING
3. mars Kl 18:00

OLDEN, ALDAHEIM
6. mars Kl 19:00

HORNINDAL, DØLHEIM
7. mars Kl 19:00

OPPSTRYN GRENDAHUS
8. mars Kl 19:00

MÅLØY, TURNHALLEN
9. mars Kl 19:00

RYGG, RUNNEVANG
10. mars Kl 18:00

**LÆRDAL, FRILUND
UNGDOMSHUS**
13. mars Kl 19:00

**GAUPNE, SOLTUN
UNGDOMSHUS**
14. mars Kl 19:00

KAUPANGER, SKOGLY
15. mars Kl 19:00

**SKEI, JØLSTER
SAMFUNNSHUS**
16. mars Kl 19:00

**HØYANGER,
UNGDOMSHUSET VALHALL**
17. mars Kl 18:00

DALE, TRUDVANG
19. mars Kl 19:00

ATLØY KULTURHUS
20. mars Kl 19:00

BREKKE, RISNEHALL
21. mars Kl 19:00

VIKSDALEN SAMFUNNSHUS
22. mars Kl 19:00

SVELGEN SAMFUNNSHUS
23. mars Kl 19:00

FØRDE, VIKING
24. mars Kl 18:00


BILLETTAR
softeater.no/billetter

TEATERÅRET 2018




MARIA MAGDALENA – JESU VIRKE (16.-25. mars)

I to år på rad har teateret vist «Miriam si forteljing – Juleevangeliet» i kyrkjer rundt omkring i fylket. No kjem «Maria Magdalena – Jesu virke», nummer to i triologien der tre kvinner gir sin versjon av evangeliet om Jesus. Det er natta før palme-søndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka.



YOGAKRIGEN (12.09 - 06.10)


Yogakrigen er ny, nynorsk dramatikk med urpremiere på Sogn og Fjordane Teater. Det er ei drøymande, assosierande framsyning innanfor rammene av ein streng disiplin. I dette stykket vert publikum invitert inn i teateret sin blackbox i ein yogatime saman med fem damer som alle har sitt å stri med. Kvinnene går på yoga for å sleppe unna kvardagen for ei stund. Men på matta er det kvardagen som står i djup strekk med musklar som durrar under presset.



EG ER I GÅR (27.10 - 17.11)

«Eg er i går» har eit manus som er basert på intervju med eit knippe av fylkets seniorar i alderen frå nokre-og-sytti til 100 år. Dei er den siste krigsgenerasjonen. Åra under tysk okkupasjon pregar livet deira, men det er langt ifrå det einaste dei har på lager. Dei fortel om forelsking, lyden av barneføter, det første fjernsynet. Dei bygde vegar som batt grendene i lag, dei bygde landet. I denne framsyninga deler dei rundhanda av røynslene sine, og det er ei gåvepakke til dei som kjem etter. Vi får kunnskapen vi treng for å forstå kvar vi kjem frå, og denne kunnskapen kan vi i tur dele vidare. Ein vakker dag er det vi som er i går.

FØLG OSS PÅ:



Sjå softeater.no for informasjon om dato og billetter